



Vang kommune

Hans Bogsti
Torggata 145a
2317 Hamar

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SONWEN-2022002689 -5

Arkiv:

K2-K44

Vår dato:

29.07.2026

Saksnr.	Utval
147/26	Hovudutval for utvikling

Vedtak - Søknad fritak båndtvang - Skamdalen/Yksindalen 2026

Vang kommune har mottatt søknad frå Hans Bogsti om fritak frå bandtvang etter hundeloven § 6 fyrste ledd, datert 27.07.2026. Søknaden gjeld rypetaksering i Skamdalen/Yksindalen hos Kvithaug og Åndalen sameige i perioden 1. – 20. august 2026. Taksering vil bli utført av Ole Engh (takseringsleder), Hans Bogsti og Toralv Follestad. Området held ikkje beitedyr, men det informeres om at hundane som skal brukast har sauerenheitsbevis.



Vurdering:

Dispensasjonen frå hundeloven § 6 blir heimla i § 9 fyrste ledd bokstav e:§ 9.

Unntak frå sikringsreglene.

«e) særlige bruksformål, avgrensede områder eller nærmere angitte hunderaser eller hundetyper eller for hunder som har særskilt trening, når dette er fastsatt av kommunen ved forskrift eller enkeltvedtak. Ved dette kan kommunen bl.a. legge ut et område som dressurområde for hunder, dersom samtykke som nevnt i § 8 første ledd foreligger,»

Rypetaksering vil kunne sjåast på som eit særleg bruksformål. Ein skal samstundes nytte sauereine hundar. Det forventast at takseringsleiar er godkjent og at takstørar følgjer lause takseringshundar på forsvarleg måte. Kommunen ser då at vilkår for å gi ein dispensasjon frå bestemminga om bandtvang i enkeltvedtak fastsett i § 6 er til stades, jf. § 9 fyrste ledd bokstav e.

Området er innafor Fram Reinlag sitt sommar- og haustbeite (kilden.nibio.no). Kommunen vil derfor minne om reindriftsloven § 65:

§ 65. Ferdsel i område hvor rein beiter .

«De som ferdes i område hvor rein beiter, plikter å vise hensyn og opptre med varsomhet slik at reinen ikkje unødig uroes eller skremmes under beiting, flytting mv. Særlig hensyn skal vises i forbindelse med reinens brunsttid, kalving, merking, skilling og slakting,»

Og hundeloven § 7

§ 7. Særlig om sikring av hund der tamrein beiter.

«I områder der tamrein lovlig beiter, skal hundeholderen se til at hunden ikke unødig uroer eller skremmer rein, selv om den er under kontroll eller er bundet. Reinens eier kan kreve at en hund som uroer rein, blir holdt innestengt mens rein blir flyttet forbi bosted, seter eller hytte. Statsforvalteren kan gi forskrift om at hunder skal holdes i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet når hensynet til reindriften tilsier det.»

Omsøkt tiltak skal vurderast etter dei forvaltningsrettslege prinsippa etter naturmangfaldlova § 7, der §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn. Det er gjort søk i ulike kartdata(artskart, naturbase, sensitiv artskart) vedrørande naturmangfaldet i det aktuelle området den 29.07.2026.

Det er observert kongeørn (spesielt hensynskrevjande art), rødstilk (NT), svartand (VU), fiskemåke (VU), heilo (NT) og stær (NT) i området (naturbase og artskart). Det er ikkje vurdert at taksering i perioda 1.-20. august er i direkte konflikt med hekkeperioda, men hundeførar må uansett sørge for at ein ikkje unødig uroar artane i området, jamfør hundelova § 3.

Kommunen vil minne om den generelle aktsomheitsplikta, jamfør naturmangfaldlova § 6. Kommunen legg til grunn at hundar ein skal nytte er godt trenar for rypetaksering. Det er då ikkje eit problem å skilje rype frå andre artar i området og hundane vil derfor ikkje unaudivig forstyrre andre artar ved å sende desse i oppflukt. Kunnskapsgrunnlaget er rekna som godt nok, jamfør § 8, føre var prinsippet, jamfør § 9 vert ikkje nytta. Kommunen legg til grunn at hundeførar, eventuelle hjelparar og hundar er erfarne og vil ikkje unaudivig forstyrre anna dyreliv. Den samla belastninga er då vurdert til å vera innanfor tålegrensa, jamfør § 10.

Hund og hundeførar til fots er rekna som ein miljøforsvarleg metode, jamfør § 12.

Etter ei samla vurdering ser kommunen at ein kan gi dispensasjon frå den generelle bestemminga om bandtvang etter hundelova § 6 fyrste ledd ved enkeltvedtak, jf. Hundelova § 9 fyrste ledd bokstav c

Vedtak:

Vang kommune gir Ole Engh, Hans Bogsti og Toralv Follestad dispensasjon frå bandtvangbestemmelsane i hundelova § 6 fyrste ledd og løyve til å bruke lause, takseringstrente hundar innanfor kartfesta område i Kvithaug og Åndalen sameige for å taksera hønsefugl i perioda 01.08.2026 –20.08.2026 som omsøkt.

Følgjande vilkår gjelder:

- Hundane skal ha erfaring med rypetaksering, og inneha saureinhetsbevis. Bevis ynskjast sendt til kommunen før taksering starter.
- Hundane skal ikkje gå etter bufe eller andre artar som ikkje er relevante for rypetaksering
- Kommunen skal motta rapport frå gjennomført taksering med resultat seinast 31.12.2026.

Vedtaket er fatta med heimel i hundelova § 9 første ledd bokstav e. Om høve til å klage, sjå forvaltningslova § 28.

Med helsing

Wenche Søndrol

landbruksrådgjevar

Dir. tlf.: 468 29 071

E-post: wenche.sondrol@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til

Kristian Lindseth Flaa